



Seim Bygg AS
Terje Seim
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1866 - 14/21800

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
25.09.2014

Avvising av klage på gebyr - gbnr 137/752 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 289/14

Lindås kommune har motteke klage på gebyr i e-post datert 16.09.2014.

Bakgrunn:

Det vart sendt inn søknad om endring av byggeløyve datert 27.02.2014/søknad om oppføring av mur på gbnr 137/752. Søknaden vart motteke i kommunen 08.05.2014. Etter ein gjennomgang av søknaden, fann Lindås kommune at søknaden var mangelfull. Dette vart meddelt søkjar i brev datert 01.09.2014.

Klagen gjeld gebyr på kr. 2 800,- gjeve i vedtak datert 08.09.2014.

Klagar meiner at gebyret må slettast då sakshandsamingsfristen på 3 veker er overskride.

Vurdering:

Det følgjer av plan- og bygningslova § 33-1 1.ledd at kommunen har heimel til å fastsetje gebyr for tenester/arbeid som ein utfører etter plan- og bygningslova. Fastsetjing av gebyrsatsar gjennom eit regulativ vert å sjå som ei forskrift etter forvaltningslova § 2 bokstav c. Gebyra er standardiserte og er knytte direkte opp mot ulike tenester.

Det følgjer av forvaltningslova § 28 1.ledd at enkeltvedtak kan påklagast. I forvaltningslova § 2 1.ledd bokstav a, jf. b et eit einskildvedtak ei avgjerd som vert treft under utøving av offentlig myndigheit og som gjeld rettar og plikter til ein eller fleire bestemte personar.

I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyrforskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ilegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebyrsatsar så fram det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjerde kva gebyr som skal illeggast i den einskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjerningar.



I denne saka er det sendt inn søknad om endring av det opprinnelege byggeløyve i saka. Endringa gjaldt oppføring av mur. Søknaden vart sendt inn som ein søknad i eitt trinn, der det var opplyst at frist for handsaming innan 3 veker var stetta. Søknaden var ikkje komplett når kommunen mottok denne. Manglar vart meddelt søkjar i brev 01.09.2014. Manglane kom inn 03.09.2014, og saka vart handsama 5 dagar seinare.

På bakgrunn av innsendte søknad om endring vart det gjeve gebyr for endring av søknad med heimel i gebyrregulativet punkt 10.2.8 på kr. 2 800,-. På bakgrunn av dette kan ikkje Lindås kommune sjå at det har vore rettsleg eller faktisk tvil om kva gebyr som skulle fastsetjast i saka. Lindås kommune kan heller ikkje sjå at det i saka er grunnlag for tilbakebetaling av gebyr etter plan- og bygningslova § 21-7. Betalingsplikta har ikkje oppstått som følgje av ei individuell avgjerd, og det fastsatte gebyret i denne saka er ikkje å rekna som eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. fvl § 28 1.ledd.

VEDTAK

Klage på gebyr datert 16.09.2014 vert avis med heimel i forvaltningslova (fvl) § 33 2.ledd, jf. fvl § 28 1.ledd.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Til orientering:

Med heimel i gebyrforskrifta punkt 4.12 er det høve til å søkje om redusert gebyr når det ligg føre særlege grunnar. Dette til orientering.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.